



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-M00
Arkivsaksnr: 23/890	Løpenr: 23/11237
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Påkopling Vatn og avløp, sal av vatn og overtaking av anlegg**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vedtek følgande:

1. Rådmannen gjennomfører påkopling av framtidige abonnentar jf. PLB §§ 65 og 66. Det betyr at når offentlig vass- eller avløpsledning går over eigedom eller i veg som støter til den, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedommen verte tilkopla det kommunale vass- og avløpsnettet. Kommunen sitt skjønn vil då vera knytt til uforholdsmessig stor kostnad til gjennomføra kravet om påkopling eller kor særskilte grunnar tilseier å godkjenne ei anna ordning.
I samband med påkopling av nye abonnentar gjev kommunen:
 - råd og rettleiing på trasé
 - kan tilby entreprenør for graving i tråd med kommunen sin rammeavtale
 - råd og rettleiing om avtale ved fleire grunneigarar
 - betalingsordning
 - ei vurdering om ev påkoplingspunkt for stikkleidninga dersom det kan gje fleire påkoplingar og vera forbetring for VA-nettet, og resultere i lågare kostnad.
2. Rådmannen søker å inngå avtale med Brendahaugen velforeining om å overta deira VA-anlegg. I tillegg starte påkopling for nye abonnentar i området rundt anlegget. Anlegget vert ein del av VA-utviklinga for området på Rødne, Heiane og Erikajorde. Det tilkjem ingen kjøps-/investeringskostnader ved evt. overtaking.
3. Rådmannen inngår avtale med Eviny om å overta Biovac-anlegget deira på Totland. Det vert oppretta eige fond for framtidig vedlikehald. Det tilkjem ingen kjøps-/investeringskostnader ved evt. overtaking.
4. Rådmannen inngår avtale om sal av vatn til Holmefjord. Avtalen skal ha med prinsippet for utrekning av pris og levering av vatn, dvs fastsette gebyret med ein fastdel og ein kubikkpris. Avtalen skal gje overskot isolert sett. Investeringbehovet vert finansiert med salsinntekter.
5. Rådmannen utarbeider eiga sak til kommunestyret våren 2024 for val av reservevassløysing, slik at det vert innarbeid i økonomiplanperioden for 2025-2028.
6. Rådmannen oppdaterer og gjer naudsynte endringar i gebyrregulativ for vatn og avløp. Dette vert fram som eiga sak til kommunestyret i samband med budsjettet for 2025.
7. Rådmannen utarbeider framlegg til forskrift/regelverk for leige av vassmålar. Dette vert lagt fram som eiga sak til kommunestyret i samband med budsjettet for 2025.

Oppsummering:

Vatn og avløp er eigne sjølvkostområde. Det er i Samnanger bestemt at vatn og avløp skal vera 100% sjølvkost. Det betyr at abonnentane skal betale kostnaden med å drifta anlegga i tillegg til kalkulatoriske rentekostnad og avskriving som er knytt til investeringeskostnaden. Dersom nye investeringar ikkje fører til nye påkoplingar vil dette gje auka gebyr for abonnentane.

Det pågår no ei rekkje tiltak som kan gje både inntekter og utgifter på området. Sal av vatn til Holmefjord kan gje gode inntekter, medan nytt reservevassverk vil påføre kommunen relativt høge utgifter. Sjølvkostområdet treng fleire abonnentar og Samnanger kommune bør ikkje subsidiere påkoplingane gjennom eit reglement. Kvar påkopling bør verte vurdert for seg, og legge stikkleidningar i kommunal regi om det er til felles fordel for abonnentane og gebyra. Kommunen bør overta både Biovac-anlegg på Totland og Brendahaugen for å få fleire nye abonnentar. Det treng og ei revisjon av gebyra og regleverk for leige av vassmålar.

Råmannen ber no om mandat til å gjennomføra desse tiltaka.

Kva saka gjeld: Mandat og vidare arbeid med VA-påkoplingar, sal av vatn, overtaking av biovac anlegg og Brendahaugen vassområde, revidere gebyra og inkludere leige av vassmålar.

VA-påkoplingar langs hovudleidninga

Samfunnsutvikling har gjennomgått linjetraseen for hovudvassverket og avløpsleidningane, og registrert samtlege bustadar og fritidsbustader som ikkje er påkopla kommunalt VA-nett. For vatn er det registrert 40 potensielle påkoplingar og 76 potensielle påkoplingar til avløpsnettet. Vatn og avløp er eigne sjølvkostområde, der utgifter på anlegg og leidningar skal verte dekka med gebyrinntekter.

Kommunen kan opparbeide fond for å ta *svingingar* i driftsutgiftene og dermed unngå for store *svingingar* i gebyr, men fondet kan ikkje vera meir enn 5 år gamalt. Pr 2023 er fondet «negativt» for både vatn og avløp og det er derfor nødvendig å auka gebyra.

Med nye abonnentar vert kostnaden fordelt på fleire og påverkar gebyra til abonnentane og høvet for å gje framtidige utbetringer.

Det står att å synfare og vurdera om der er utfordringar for nokon av bustadane å kople til. Vi har som mål å få flest mogleg nye abonnentar, men både topografi og avstand kan vera med å påverke kva løysingar ein bør gå for. Får kommunen 50 % av potensielle abonnentar påkopla kan det stipulerast til ein inntekt på om lag 1,2 millionar kroner det 1. året med påkoplingsgebyr og vassgebyr. Over ti år er det med å styrkja sjølvkostområdet med om lag 2 millionar kroner. Tek vi høgde for prisvekst i denne perioden vert inntekta høgare. Målet er å få påkopla flest mogleg abonnentar og fordela utgiftene på flest mogleg abonnentar.

Tidlegare har nokre kommunar sett ei grense for utgiftsnivået eller avstand til påkoplingspunktet for kva utgifter nye abonnentar kan ha for å bli kopla til leidningsnettet. Kommunane har då teke på seg kostnaden med å legge leidning utover makstaket som er sett. Det er ulik praksis for dette, og kostnaden med slike tiltak er å sjå på som eit tilskot til private frå disposisjonsfondet. Desse utgiftene skal ikkje verte beslasta abonnentane.

I 2017 var det ein interpellasjon i samband med å legge vassleidning på Rødne. Vedtaket gjekk ut på å gje tilskot til nye påkoplingar.

Kommunestyret vedtok den 11.05.2018 følgjande:

«*Tilkobling skal skje dersom kostnader ikkje overskridar kr 200.000*

- *Kostnadene blir fordelt slik:*

1) *huseigar dekker kr 100.000 +tilkoblingsavgift*

2) *Samnanger kommune dekker differanse mellom 1) og kr 200.000*

- *Dersom utgifter til tilkobling vert høgare enn kr 200.000, slepp huseigar å koble seg på*

- *Tilbod fra entreprenør skal leggjast ved søknad.*

- *Kommunen tek over eigedomsretten til privat ledningsnett fram til eigedomsgrense.*

- *Ferdigattest gjev grunnlag for utbetaling frå Samnanger kommune.»*

Leidninga på Rødne vart utsett, sidan det vart behov for å få utgreidd fleire ulike alternativ samstundes for å plassere avløpsleidning og pumpestasjon. Ytre-Tysse sitt VA-anlegg vart bygt ut og det var ikkje behov for å bruke tilskot som vedteke ovanfor.

Spørsmålet om kommunen bør gje tilskot til nye påkoplingar og korleis, vert no nødvendig å ta opp på nytt.

VA løysing for Rødne-området er prosjektert, og klart til å realiserast med nytt budsjettår. Tiltaket må verte sett i samanheng med overtaking av Brendahaugen sitt anlegg og nye abonnentar, samt alle registrerte nye potensielle påkoplingar.

Både kostnader og kommunane sin praksis og bruk innan VA-sjølvkostområdet har og endra seg. Samnanger kommune bør vera kritisk og vurdere om det er til fellesskapet sitt gode når kommunen skal gje tilskot nye tilkoplingar som overstig eit visst beløp. Ein kronesats eller fast avstand til hovudnettet bør ikkje verte grunnlag for eit tilskot. Kvar påkoping bør verte handsama for seg og vurdert kvar for seg. Kommunen ønskjer og kan legge stikkleidning der det viser seg å vera til fordel for VA-nettet, og kan forsvarast med ev fleire påkoplingar eller forbeting. I økonomiplanen til Samnanger er det sett av 4 millionar kvart år til investering til vatn og avløp.

I samband med påkoping av nye abonnentar gjev kommunen:

- ✓ råd og rettleiing på trasé
- ✓ kan tilby entreprenør for graving i tråd med kommunen sin rammeavtale
- ✓ råd og rettleiing om avtale ved fleire grunneigarar
- ✓ betalingsordning
- ✓ ei vurdering om ev påkopingpunkt for stikkleidninga dersom det kan gje fleire påkoplingar og vera forbeting for VA-nettet, og resultere i lågare kostnad.

Rådmannen ber no om mandat til å gjennomføre påkoping av framtidige abonnentar jf. PLB §§ 65 og 66. Det betyr at når offentlig vass- eller avløpsledning går over eigedom eller i veg som støter til den, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedommen verte tilkopla det kommunale vass- og avløpsnettet. Kommunen sitt skjønn vil då vera knytt til uforholdsmessig stor kostnad til gjennomføra kravet om påkoping eller kor særskilte grunnar tilseier å godkjenne ei anna ordning.

Brendahaugen – overtaking – utvikling av området

Samanger kommune hadde møte 14.09.23 med styret i Brendahaugen velforeining, for å sonderte interessere for at kommunen tek over anlegget deira. I 2011 fekk dei avslag frå kommunen om overtaking. Bustadomter i området treng påkoping av vatn for å få godkjent byggesøknader.

Påkoping på Brendahaugen sitt anlegg kan vera ei god løysing. Brendahaugen ønskjer ikkje abonnentar utover bustadlaget.

Situasjonen har dermed endra seg og teknisk drift ser fordelane av å overta dette anlegget for å få kontroll på utviklinga i området. Ei slik løysing kan og gje vatn til Heiane og Erikajorde, gje 9 nye abonnentar på vatn og 11 på avløp. Teknisk drift har pågående ei teknisk vurdering av anlegget.

Kommunen må etablira ein ny spylekum, uavhengig om kommune tek over anlegget. Anlegget må sjåast i samanheng med VA-leidningar på Rødne.

Rådmannen ber om mandat til å gå vidare med avtale for å overta Brendahaugen velforeining sitt VA-anlegg, og starte påkopling for nye abonnentar i området rundt anlegget. Anlegget vert ein del av VA-utviklinga for området på Rødne, Heiane og Erikajorde.

Biovac -anlegg på Totland – overtaking frå Eviny

Eviny har ved fleire høve teke kontakt med kommunen med førespurnad om å ta over avløp på Totland med tilhøyrande Biovac anlegg. Dei tok oppatt kontakten i august i år. Samnanger kommune har tidlegare overtatt vassleidningen for området.

Eviny har utarbeida skisse for kva som må gjerast med anlegget og det er utarbeida ein status for anlegget med god bildedokumentasjon. Etter fleire drøftingar vart det semje om at dei skiftar alt av vass og avlaupsrør frå biovac anlegget og heilt opp til fylkesvegen før kommunen tek over rettar og plikter til anlegget. Leidningane i dette området er truleg 100 år.

Kommunen kan gjennomføra arbeidet med eigne rammeavtalar. Det står att å få politisk godkjenning om å overta anlegget.

I samband med at kommune tek over anlegget får kommunen eit vedlikehaldsfond til å dekke utskiftingar av deler i sjølve Biovac anlegget i framtida. Det står att å godkjenne summen er ca. 135.000 eks mva.

Det kan potensielt komme 5 og 7 nye tilkoplingar på avlaup ved å overta dette. Desse har tidlegare betalt avgifter til Eviny for tømming. Det må i tillegg sjekkast at ikkje huseigarane har ein «evigvarande» avtale om å ikkje betale for avløp når dei kjøpte desse tidlegare BKK bustadane.

Rådmannen ber om mandat til å inngå avtale med Eviny om å overta Biovac-anlegg på Totland og opprette fond for framtidig vedlikehald.

Sal av vatn til Holmefjord frå Rolvsvåg vassverk

Næringsverksemder på Holmefjord i Fusa v/ Helge Ådland og Gunnar Utskot tok våren 2023 kontakt med teknisk drift for kjøp av vatn. H. Ådland har undersøkt fleire moglegheiter for å få vassløysning til industriområdet. Løysinga som best let seg gjennomføra viser seg å vera sjøleidning til eit uttak nede ved sjøen i Rolvsvåg og vidar over fjorden til Fusa sida. På Holmefjord vert det bygt vassbasseng med tilhøyrande infrastruktur. Abonnentane på Fusa sida eig og dekker kostandane med denne etableringa.

På Samnanger sida vert det kommunen som eig og driftar uttaket. Etablering av dette er stipulert til 2 millionar. Salet er med å gode gje inntekter til kommunen, ei god inntekt til sjølvkostområdet for heile Samnanger sitt VA-område.

Alver kommune har ei tilsvarende løysing til Austreim kommune og betaler sin andel av kostnader i forhold til % bruk av totalt mengde produsert vatn. I tillegg må dei betale sin andel av investeringskostnader osv. Kostnad for levering av vatn til Holmefjord vil bestå av ein fast del og ein kubikk pris.

Rådmannen ber om mandat til å utarbeide avtale og inngå avtale om sal av vatn til Holmefjord. Avtalen skal ha med prinsippet for utrekning av pris og levering av vatn, dvs fastsette gebyret med ein fastdel og ein kubikkpris. Avtalen skal gje overskot isolert sett.

Reservevassverk

Samnanger kommune har gjennom fleire år utarbeidd fleire ulike forslag til reversevassverk. 19.12.2022 fekk kommunen ny frist frå Mattilsynet for gjennomføring av vedtaket om reservevassverk innan 1 mai 2023.

Dei 3 siste åra har det jamleg vore teke vassprøvar av Smådalselva, for å kartleggja om det var mogeleg å bruka den vasskjelda til eit reservevassverk. Etter kvart kom det nye innspel frå Mattilsynet og kommune vart beden å tenkje i nye retningar, i forhold til kvar me skal etablera av eit reservevassverk. 3 ulike plasseringar for reservevassverk er utgreidd, der 2 løysingar inneber borehol og den siste komplett moldeprosessanlegg.

Teknisk drift har ved hjelp av fagleg ekspertise frå Rambøll fått vurdert og kostnadsrekna ulike alternativ til reservevassverk. Dette arbeidet ønskjer vi å legge fram som eiga sak og få innarbeidd i økonomiplanen 2025-2028. Kommunen har fått frist til 2028 med å ha etablert anlegget. Dersom kommunen inngår avtale om sal av vatn til Holmefjord kan det gje gode inntekter og vera med å finansiere reservevassverket.

Rådmanne legg fram eiga sak våren 2024 for val av løysing, slik at det vert innarbeid i økonomiplanperioden for 2025-2028.

Gebyregradutet

Samnanger kommune har eit svært oppdelt gebyrregulativ for vatn og avløp. Teknisk drift ser at dette treng å verte oppdater og verte fornya i samband med neste års budsjett og fastsetting av gebyra.

Vassmålar

I klimabudsjettet er det sett opp høve for å leige vassmålar som eit klimatiltak. I den samanheng vil det verte utarbeidd reglar/forskrift til politisk handsaming for leige a vassmålar og andre reglar knytt til vassmålar.

Konklusjon:

For VA-området er det ønskje om å jobbe vidare med påkopling, sal av vatn og overta private anlegg. Rådmannen treng då mandat til dette:

1. Rådmannen gjennomfører påkoppling av framtidige abonnentar jf. PLB §§ 65 og 66. Det betyr at når offentlig vass- eller avløpsledning går over eigedom eller i veg som støter til den, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedommen verte tilkopla det kommunale vass- og avløpsnettet. Kommunen sitt skjønn vil då vera knytt til uforholdsmessig stor kostnad til gjennomføra kravet om påkopling eller kor særskilte grunnar tilseier å godkjenne ei anna ordning.

I samband med påkopling av nye abonnentar gjev kommunen:

- råd og rettleiing på trasé
- kan tilby entreprenør for graving i tråd med kommunen sin rammeavtale
- råd og rettleiing om avtale ved fleire grunneigarar
- betalingsordning
- ei vurdering om ev påkoplingspunkt for stikkleidninga dersom det kan gje fleire påkoplingar og vera forbeting for VA-nettet, og resultere i lågare kostnad.

2. Rådmannen søker å inngå avtale med Brendahaugen velforeining om å overta deira VA-anlegg. I tillegg starte påkopling for nye abonnentar i området rundt anlegget. Anlegget vert ein del av VA-utviklinga for området på Rødne, Heiane og Erikajorde. Det tilkjem ingen kjøps-/investeringskostnader ved evt. overtaking.

3. Rådmannen inngår avtale med Eviny om å overta Biovac-anlegget deira på Totland. Det vert oppretta eige fond for framtidig vedlikehald. Det tilkjem ingen kjøps-/investeringskostnader ved evt. overtaking.
4. Rådmannen inngår avtale om sal av vatn til Holmefjord. Avtalen skal ha med prinsippet for utrekning av pris og levering av vatn, dvs fastsette gebyret med ein fastdel og ein kubikkpris. Avtalen skal gje overskot isolert sett. Investering behovet vert finansiert med salsinntekter.
5. Rådmannen utarbeider eiga sak til kommunestyret våren 2024 for val av reservevassløysing, slik at det vert innarbeid i økonomiplanperioden for 2025-2028.
6. Rådmannen oppdaterer og gjer naudsynte endringar i gebyrregulativ for vatn og avløp. Dette vert fram som eiga sak til kommunestyret i samband med budsjettet for 2025.
7. Rådmannen utarbeider framlegg til forskrift/regelverk for leige av vassmålar. Dette vert lagt fram som eiga sak til kommunestyret i samband med budsjettet for 2025.

Kopi av saksutgreiing kommunestyresak 128/2023